

Reglar for bacheloroppgåve ved Det teknisk-naturvitskaplege fakultet

Innleiing

Dette skrevet gir reglane for utføring av bacheloroppgåve ved Det teknisk-naturvitskaplege fakultet, jamfør «[Forskrift om studier og eksamen ved Universitetet i Stavanger](#)».

Viser i tillegg til skrevet «Vegvisar for bachelor- og masteroppgåver ved Det teknisk-naturvitskaplege fakultet» som gir utfyllande informasjon om reglane, oppstart og gjennomføring av oppgåva.

Fristar

Bacheloroppgåve - 10 og 20 studiepoeng

- **Innan 1. november:** Studentar søkjar på eller registrerer eigne oppgåveforslag i [Digital studentekspedisjon](#)
- **Innan 1. desember:** Fakultetet informerer om tildelte oppgåver til studentane
- **Innan 15. januar:** «Avtale om utførelse av bachelor- eller masteroppgave i samarbeid mellom flere studenter» må være signert av alle partar og sendast til studiekoordinator (gjeld berre for dei som skriv i gruppe)
- **15. januar:** Offisiell oppstart av oppgåveskriving
- **Innan 1. februar:** Frist for eksamensoppmelding
- **15. april:** Frist for å trekkja seg frå oppgåva
- **1. mai:** Siste frist for å levere inn «Avtale om oppgaveskriving i samarbeid med ekstern virksomhet» for dei som skriv med ekstern verksemd
- **15. mai:** Innleveringsfrist
- **Sensurfrist:**
 - 10 studiepoengsoppgåve: Innan 15 arbeidsdagar frå innleveringstidspunkt
 - 20 studiepoengsoppgåve: Innan 4 veker frå innleveringstidspunkt

Formelle krav for oppstart

10 og 20 studiepoengsoppgåve

Kravet for oppstart av oppgåveskriving er at studenten må ha bestått minimum 100 studiepoeng i samsvar med godkjend utdanningsplan, og i tillegg ha bestått forkunnskapskrava oppgitt i emnebeskrivinga innan 1. november.

Utfyllande informasjon om oppgåveskriving

- Inntil tre studentar kan samarbeida om ei bacheloroppgåve, der gruppekontrakt må leverast innan gitt frist.

- Studenten må fylle ut egenerklæringsskjema for bruk av KI-verktøy i oppgåva ved innlevering.
- Dersom du skriv ei laboratoriumsoppgåve pliktar du å setja deg inn i HMS-reglar før oppstart, og i tillegg rydde arbeidsplassen etter deg før innlevering av oppgåva.
- Ein student har som hovudregel berre eit forsøk på oppgåva. Det kan søkast om eit andre gongs forsøk ref. "Forskrift om studier og eksamen ved universitetet i Stavanger" § 6-9. punkt 4.
 - For ein søknad i hen hald til punkt 4b, er søknadsfristen 2 veker etter karakteren er publisert. Fakultetet kan gje student(ana) inntil ein månad på å bearbeide oppgåva.

Utsett innleveringsfrist

Studentar kan søkja om utsett innleveringsfrist ved gyldig fråvær. Se "Forskrift om studier og eksamen ved Universitetet i Stavanger" §6-4. Studentar på utveksling som har siste eksamen etter dato for oppstart av oppgåveskriving, kan søkja om utsett innleveringsfrist tilsvarande tida mista.

Utsett offentliggjeringsfrist av oppgåva

Oppgåva skal som hovudregel vere open, men studentar kan søkja om utsett offentliggjeringsfrist (konfidensiell oppgåve). Etter grunngav førespurnad frå verksemda kan UiS sperra offentliggjeringsfristen i **inntil to år og unntaksvis i fem år**. Studentar må avklara og eventuelt søkja om utsett offentliggjeringsfrist allereie ved oppstart av oppgåva. Siste frist for å senda inn ein slik avtale er 1. mai.

Du søkjar ved å senda inn utfylt og signert "Avtale om oppgaveskriving i samarbeid med ekstern virksomhet" til din [studiekoordinator](#). Det er berre denne avtalen som skal brukast.

Oppgåveskriving utanom ordinær periode

Dersom ein har behov for å endra periode for gjennomføring av oppgåveskriving til haustsemesteret, er det mogleg å søkje om dette ved å senda inn «Søknad om endring av utdanningsplan ved UiS» via Digital Studentekspedisjon. Merk at du sjølv er ansvarleg for å avklare oppgåve og fagleg ansvarleg før søknad sendast.

Søknadsfristen er **1. juli**.

Merk at: Kravet for oppstart av oppgåveskriving er at studenten må ha bestått minimum 130 studiepoeng i samsvar med godkjend utdanningsplan, samt ha bestått forkunnskapskrava oppgitt i emnebeskrivinga innan 1. juli.

Saman med ein slik søknad, må det også vedleggast eit dokument med følgjande:

- Årsak for ønske om endring av periode
- Bekreftelse frå fagleg ansvarleg
- Tema/tittel for oppgåva

Fristar for oppgåveskriving utanom ordinær periode

- **15. august:** Offisiell oppstart av oppgåveskriving
- **15. november** Frist for å trekkja seg frå oppgåva
- **15. desember:** Innleveringsfrist